

Les rettleiinga på side 3 og 4 før du fyller ut blanketten.

Fastsett i medhald av føresegn av 8. desember 2003 gjeven i medhald av konsesjonslova av 28. november 2003 nr 98 § 8.

(Er det fleire overtakarar, må kvar av dei gje slik fråsegn)

Namnet (slektsnamnet, føre- og etternamnet) til overtakaren (den nye eigaren)	Fødselsnr. (11 siffer)
Adresse	Organisasjonsnr. (9 siffer)

### 1. Fråsegn frå overdragaren/seljaren om at overtakinga ikkje fører til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 fjerde leden

Har overdragaren/seljaren annan fast eigedom enn den som no vert overdregen?  Nei  Ja

Dersom svaret er ja, må kommunen stadfesta at overdraginga ikkje fører til deling av driftseining.

Underskrivne er kjend med at det etter straffelova § 189 er straffbart å gje urett fråsegn.

Dato	Underskrifta til overdragaren/seljaren
------	--

Kommunen stadfester at overdraginga ikkje fører til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 fjerde leden.

Namnet til kommunen	Dato	Stempel og underskrift
---------------------	------	------------------------

### 2. Fråsegn frå overtakaren (den nye eigaren) om konsesjonsfritak

Mi over-taking av:	Nemninga på eigedomen eller retten (gnr., bnr., festnr. eller liknande)	Namnet til kommunen
--------------------	---	---------------------

er konsesjonsfri avdi overtakinga gjeld: (kryss av for aktuell grunngeving under punkt 3, 4, 5, 6 eller 7)

### 3. Ubygd(e) tomt(er) til bustad- eller fritidsfremål (§ 4 fyrste leden nr. 1 og 2)

- Tomta/tomtene er ikkje større enn 2 dekar, og frådelinga er godkjend etter plan- og bygningslova og jordlova.
- Tomta/tomtene ligg i eit område som i arealdelen i kommuneplanen, reguleringsplanen eller utbyggingsplanen er utlagt til byggeområde. Tomteinndelinga er utførd eller godkjend av bygningsstyresmaktene.
- Eg er klar over at vilkåret for konsesjonsfritaket er at det blir bygt på tomta/tomtene innan 5 år, sjå punkt 3 i rettleiinga.

Kommunen stadfester at overtakinga gjeld tomt(er) til bustad- eller fritidshus som nemnt i konsesjonslova: (kryss av for den føresegna som gjeld)

§ 4 fyrste leden nr. 1.

§ 4 fyrste leden nr. 2.

Namnet til kommunen	Dato	Stempel og underskrift
---------------------	------	------------------------

### 4. Andre ubygde areal (§ 4 fyrste leden nr. 3)

- Arealet ligg i eit område som i reguleringsplan er regulert til anna enn landbruksområde.
- Arealet ligg i eit område som i arealdelen til kommuneplanen er utlagt til byggeområde.
- Eg er klar over at vilkåret for konsesjonsfritaket er at eg ikkje endrar bruken av arealet i strid med planen, sjå punkt 4 i rettleiinga.

Kommunen stadfester at arealet:

er regulert til anna enn landbruksområde

i arealdelen i kommuneplanen er utlagt til byggeområde

Namnet til kommunen	Dato	Stempel og underskrift
---------------------	------	------------------------

Med sikte på å redusera oppgaveplikta for næringslivet, kan opplysningar som blir gjevne i dette skjemaet, heilt eller delvis bli nytta av andre offentlege organ som har heimel til å henta inn dei same opplysningane, jf. lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6. Opplysninger om eventuell samordning kan ein få ved å venda seg til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00.



Nemninga på eigedomen eller retten (gnr., bnr., festenr. eller liknande)

#### 5. Utbygt areal (§ 4 fyrste leden nr. 4)

- Det er bygt på eigedomen, som ikkje er større enn 100 dekar totalt og heller ikkje har meir enn 20 dekar fulldyrka jord.
- Eg er klar over at vilkåret for konsesjonsfritaket er at eg ikkje endrar bruken av arealet i strid med planen, sjå punkt 5 i rettleiinga.

Kommunen stadfester at det er bygt på eigedomen, og at han ikkje er større enn 100 dekar totalt og heller ikkje har meir enn 20 dekar fulldyrka.

Namnet til kommunen

Dato

Stempel og underskrift

#### 6. Unntak på grunn av ekteskap/slektskap/svogerskap (§ 5 fyrste leden nr. 1)

- Underskrivne er ektemaken til overdragaren/seljaren.

Underskrivne er i slekt/svogerskap med:

Nemn på kva måte:

- Overdragaren/seljaren
- Ektemaken til overdragaren/seljaren
- Eg er klar over at vilkåret for konsesjonsfritak på grunn av ekteskap/slektskap/svogerskap ved overtaking av jord- og skogbrukseigedom med eit totalareal på over 100 dekar eller der meir enn 20 dekar er fulldyrka, er at eg buset meg på eigedomen innan eitt år og sjølv bur på eigedomen og driv han i minst 5 år. Driveplikta kan oppfyllest ved bortleige av jordbruksareala ved skriftleg avtale for minst ti år.
- Eg er klar over at vilkåret for konsesjonsfritaket er at overdragaren/seljaren har konsesjonstilhøvet sitt i orden. Sjå punkt 6 i rettleiinga.

Kommunen stadfester at overdragaren/seljaren har konsesjonstilhøvet sitt i orden.

Namnet til kommunen

Dato

Stempel og underskrift

#### 7. Unntak på grunn av odel (§ 5 fyrste leden nr. 2)

- Underskrivne har odelsrett til eigedomen. Det er gjort greie for grunnen til dette på eige ark.
- Eg er klar over at eg etter odelslova har plikt til å busetja meg på eigedomen innan eitt år og sjølv bu på eigedomen og drive han i minst 5 år. Driveplikta kan oppfyllest ved bortleige av jordbruksareala på eigedomen ved skriftleg avtale for minst ti år. Sjå punkt 7 i rettleiinga.
- Eg har teke over eigedomen ved odelsløyning og er klar over at eg etter odelslova har plikt til å busetja meg på eigedomen innan eitt år og deretter bu på og driva han i minst 10 år.

#### 8. Underskrivne er kjend med:

- at det etter straffelova § 189 er straffbart å gje urett fråsegn,
- at urett fråsegn kan føra til at det blir sett frist for overtakaren til å syta for anten at overdraginga blir omgjord, eller at eigedomen blir overdregen til nokon som kan få konsesjon eller som ikkje treng konsesjon, sjå konsesjonslova § 18, jf. § 13,
- at dersom overtakaren oversit frist som er sett etter § 18, kan departementet utan varsel la eigedomen bli seld etter reglane om tvangssal.

Dato

Underskrifta til overtakaren (den nye eigaren)

Dato

Underskrifta til verja (for umyndige må verja medunderskrive)

Skjemaet er tilgjengeleg på Internett: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) under «Skjema» og <http://blanketter.ft.dep.no>  
Spørsmål om utfylling og bestilling kan rettast til kommunen eller Statens landbruksforvaltning (tlf. 24 13 10 00).  
Skjemaet kan elles bestillast frå Statens landbruksforvaltning: [Bestilling@slf.dep.no](mailto:Bestilling@slf.dep.no)

## RETTLEIING

### *Allment om konsesjonslova*

Konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98 fastset at all overtaking av fast eigedom, medrekna mellom anna overtaking ved arv, gåve, kjøp og stifting av bruksrett for lengre tid enn ti år, kjem inn under konsesjonsplikta så fram det ikkje er gjort unntak i lova eller i forskrifter fastsette i medhald av lova. Som overtaking reknar ein òg overtaking av andelar eller partar i ein eigedom. Det må søkjast om konsesjon på fastsett skjema SLF-0359. Ei konsesjonspliktig overtaking kan ikkje tinglysast utan at det er gjeve konsesjon.

### *Allment om bruk av eigenfråsegn*

Unntaket frå konsesjonsplikta som følgjer av reglane i § 4 fyrste leden nr. 1-4 og § 5 fyrste leden nr. 1 og 2, skal godtgjerast ved bruk av eigenfråsegn. Eigenfråsegna skal følgja heimelsdokumentet (festekontrakt, skøyte eller liknande) når ein sender det til tinglysing. Når overtakinga er tinglyst, sender tinglygingsorgana fråsegna vidare til kommunen, som fører kontroll med at konsesjonslova blir følgd.

Tinglygingsorgana kan alltid krevja dei opplysningane og dokumentasjonane som trengst for å fastslå at det er grunnlag for konsesjonsfritak.

### *Når eigenfråsegn ikkje trengst*

I nokre tilfelle kan overtaking skje utan at det oppstår konsesjonsplikt og utan at det trengst eigenfråsegn, jf. forskrift av 8. desember 2003. Dei mest vanlege tilfella er i praksis desse:

- overtaking av bygd eigedom såfram frådelinga av eigedomen er tinglyst i 1930 eller seinare, og arealet ikkje overstig 2 dekar med mindre konsesjonsplikta følgjer av forskrift etter konsesjonslova § 7
- overtaking av sameigepart i utbygd eigedom som i stadfest reguleringsplan er utlagd til anna enn landbruksområde, når overtakaren er sameigar i eigedomen frå før
- overtaking av areal med tanke på rasjonalisering i samsvar med jordlova ved overdraging frå fylkeslandsbruksstyret
- overtaking av eigedomshusvære, aksjehusvære, obligasjonshusvære, andel i bustadbyggjelag og burettslag og når burettslag tek over fast eigedom frå bustadbyggjelag
- overtaking av mindre areal som grensar til og skal leggjast til ei bygd eller utbygd tomt som alt finst, når det er gjeve samtykke til frådeling av arealet til dette føremålet etter plan- og bygningslova og etter jordlova i område der jordlova gjeld.

### **Til punkt 1**

For å letta arbeidet for tinglygingsorgana må overdragaren/seljaren stadfesta med underskrift under punkt 1 at han/ho ikkje eig annan fast eigedom enn den som no blir overdrege. Bakgrunnen for dette er at ein eigedom som er nytta til eller kan nyttast til jord- eller skogbruk, ikkje kan delast utan samtykke frå landbruksstyresmaktene; sjå lov

av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 12. Eig overdragaren/seljaren fleire eigedomar, må kommunen der konsesjonseigedomen ligg, stadfesta at overdraginga ikkje fører til deling av driftseining. Kommunen gjev denne stadfestinga samstundes med dei andre stadfestingane kommunen skal gje.

### **Til punkt 2**

Det må alltid opplysast om nemninga på eigedomen (gnr., bnr., festnr. eller liknande) og kva kommune eigedomen ligg i.

### **Til punkt 3**

Det er nok for å dokumentera konsesjonsfritaket etter dette alternativet at punkt 1, 2, 3 og 8 er utfylte. I tillegg må kommunen stadfesta at overtakinga er konsesjonsfri, og eventuelt stadfesta at overtakinga ikkje fører til deling av driftseining.

Unntaket gjeld tomter til bustad- og fritidsføremål der det kan byggjast eitt hus med ikkje meir enn to bustadeiningar. Det er eit vilkår for konsesjonsfri overtaking at det blir bygt hus på tomte/tomtene innan fem år. Tomte/tomtene må utbyggjast slik plansituasjonen føreset. Er tomte til dømes regulert til bustad, er det ikkje nok å setja opp ein garasje. Dersom overtakaren oversit fristen eller byggjer på tomte i strid med planen, utløyser det konsesjonsplikt.

### **Til punkt 4**

Det er nok for å dokumentera konsesjonsfritak etter dette alternativet at punkt 1, 2, 4 og 8 er utfylte. I tillegg må kommunen stadfesta at overtakinga er konsesjonsfri, og eventuelt stadfesta at overtakinga ikkje fører til deling av driftseining.

Unntaket etter denne føresegna gjeld alt utbygt areal som er regulert til anna enn landbruk, medrekna tomter til bustad- og fritidsføremål der det kan byggjast meir enn to bustadeiningar. Unntaket gjeld òg alt areal som i kommuneplan er utlagd til byggeområde.

Vilkåret for konsesjonsfritak er i desse tilfella at overtakaren ikkje endrar bruken av arealet i strid med planen. Endring av bruken fører til konsesjonsplikt. Er til dømes delar av eigedomen regulert til idrettsføremål, vil det vera i strid med planen å nytta eigedomen til parkeringsplass. Konsesjonsplikta kan såleis òg koma opp etter at overtakinga er tinglyst.

### **Til punkt 5**

Det er nok for å dokumentera konsesjonsfritak etter dette alternativet at punkt 1, 2, 5 og 8 er utfylte. I tillegg må kommunen stadfesta at overtakinga er konsesjonsfri, og eventuelt stadfesta at overtakinga ikkje fører til deling av driftseining. Unntaket gjeld utbygd eigedom som totalt ikkje overstig 100 dekar og heller ikkje har meir enn 20 dekar fulldyrka. Høyrrer det ein sameigepart til eigedomen, skal det arealet sameigeparten utgjer, leggjast til totalarealet.

Fulldyrka jord er jord som er dyrka til vanleg pløyedjupn og kan nyttast til åkervekstar, eller eng som kan fornyast ved pløying. Definisjonane som gjeld for økonomisk kartverk, skal leggjast til grunn ved avgrensinga. Kan det fastsetjast pålegg etter jordlova § 8, skal vanstelt jord reknast som fulldyrka jord jamvel om arealet ut frå ei landbruksfagleg vurdering basert på definisjonen i økonomisk kartverk ikkje lenger kan karakteriserast som fulldyrka jord, jf. forskrift av 8. desember 2003 § 5.

Ligg eigedomen i eit område som kjem inn under reguleringsplan, eller i eit område som i arealdelen i kommuneplanen er utlagt til byggeområde eller til landbruks-, natur- og friluftsområde, er vilkåret for konsesjonsfritak at overtakaren ikkje endrar bruken av eigedomen i strid med planen. Endring av bruken fører til konsesjonsplikt. Konsesjonsplikta kan såleis òg koma opp etter at overtakinga er tinglyst.

#### **Til punkt 6**

Det er nok for å dokumentera konsesjonsfritak at punkt 1, 2, 6 og 8 er utfylte. I tillegg må kommunen eventuelt stadfesta at overtakinga ikkje fører til deling av driftseining. Dersom overtakaren er ektemaken til eigaren eller i slekt med eigaren eller ektemaken til eigaren i rett opp-og nedstigande line eller i fyrste sidelina til og med barn av sysken (nevø/niese), eller er i svogerskap med eigaren i rett oppstigande line, er overtakinga konsesjonsfri. Ein viser elles til orientering om bu- og driveplikt (SLF-0385), som overtakaren får tilsend frå kommunen.

Det er eit vilkår for konsesjonsfri overtaking at overdragaren/seljaren har konsesjonstilhøvet sitt i orden, jf. § 5 fyrste leden. Har overdragaren til dømes ikkje oppfylt den lovpålagde bu- og driveplikta innan femårsfristen, jf. § 4 andre leden, eller har endra bruken av eigedomen i strid med planen, jf. § 4 tredje og fjerde leden, må overtakaren søkja om konsesjon. Kommunen må stadfesta at overdragaren/seljaren har konsesjonstilhøvet sitt i orden.

#### **Til punkt 7**

Har overtakaren odelsrett til eigedomen, er det nok for å dokumentera konsesjonsfritak at punkt 1, 2, 7 og 8 er utfylte. I tillegg må kommunen eventuelt stadfesta at overtakinga ikkje fører til deling av driftseining. Ein viser elles til orientering om bu- og driveplikt (SLF-0385), som overtakaren får tilsend frå kommunen.

#### **Til punkt 8**

Overtakaren må skriva under på fråsegna. For umyndige personar – personar under 18 år eller umyndiggjorde – må verja skriva under.